

<http://www.israelsmisjonen.no/ressurser/materiell/prekenverksted>

4. søndag i adventstida - 18. desember 2011

Preiketekst: Luk 1, 39-45

Lesetekst I: Mika 5, 1-4a

Lesetekst II: Fil 4, 4-7

Førjulsfest i fjellbygda

Tid for å tenna ljosa

Me er komne til fjerde søndag i adventstida. Alle fire ljosa i adventstaken vert tende. Om to tre dagar kjem me til den mørkaste dagen i heile året; vintersolverv, den 21. desember. Også difor høver det så godt å tenna mange ljøs no desse dagane.

Same datoen tek den jødiske Hanukka-feiringa til, slik at me dette året får samanfall i tid mellom vår julefeiring og høgtida der ein minnest korleis det gjekk til då tempelet vart reinsa for over 2100 år sidan, og då Herren sørga for olje til åtte dagars bruk. Mange av oss tenner også alle sju ljosa på menoraen no fram mot høgtida, slik at det strålar frå alle krokane. -Då tenner moder alle ljøs, syng me. Ja, visst. Men kanskje ein og annan fader også vil tenna ljøs!?

Ja, her er me; siste søndagen før den store høgtida, med glede, forventning; ei slags like førstemning, som både born og vaksne kjenner på. Diverre er det mange handlesenter og butikkar som held ope både denne dagen og andre av adventsundagane, og som dermed er med å kvardagsleggjera desse viktige dagane og denne flotte tida.

Overraskande tekstval

Så er det ei lita overrasking at akkurat denne forteljinga frå Lukas 1 no er sett opp som preiketekst etter andre rekkje på denne førjulsdagen. Me er vorte vane med at denne forteljinga kjem på Maria bodskaps dag, som er om lag ni månadar før jul. No, kloss oppunder jul, er teksten nesten litt "malplassert". For i teksten har Maria nettopp fått bodskapen frå engelen at ho skal verta med barn (Luk 1,31), og at dette barnet skal få namnet Jesus, og at han skal vera stor og kallast Son åt Den Høgste, ja endåtil Guds Son. Og samstundes får ho melding om at Elisabet, slektningen hennar, ventar barn i sin høge alder, og at ho allereie er seks månadar på veg. Ho kunne ikkje få barn, sa dei, men ingenting er umogleg for Gud (Luk 1,36-37).

Eg skulle meir enn gjerne likt å koma endå tettare inn på Maria i denne situasjonen. Det står litt, mellom anna at ho stakk over det engelen sa. Og at ho ikkje trong å vera redd, og at ho

hadde fått nåde hjå Gud. Og så til slutt; at ho fekk sjå seg sjølv som Herren si tenarinne. Lat det gå meg som du har sagt!

Festleg kvinnestemme

Og så legg ho i veg oppover i fjellet! Nygravid. Ør. Lykkeleg. Varm i kinna. Pur ung. Forskrekka. Forvirra.

–Eg har jo ikkje visst av mann! Korleis kan dette gå til? Og så gamle Elisabet, då!?

Det er eit festleg lite kvinnestemme me får vera med på, der oppe i ei fjellbygd, eller ein liten by i Juda. Scenen er inne i huset til presten Sakarias og kona hans, Elisabet. Mon tru kva Maria helsa den gamle dama med, då ho kom inn? Det må ha vore noko merkeleg, for det utløyser reaksjoner hjå fosteret som Elisabet ber i seg. Barnet hoppa i livet hennar, står det. Og Elisabet sjølv vart fylt av Den Heilage Ande.

Og mon tru kva han tenkte, gamle Sakarias, då han hørde på og såg på desse to gravide kvinnene. Eller kanskje dei samtala medan han var ute? Dette er berre for oss damene! Eller – såg han sitt snitt til å lytta bak ein vegg....? Skulle ikkje forundra meg, om så var!

Han er Herren min

Så fortel evangelisten at Elisabet sitt gjensvar kom med høg røyst. Ja, ho ropa ut ei velsigning over Maria og det nye livet ho bar på.

Særleg merkeleg er det ho seier midt inne i den vesle talen ho held: Korleis kan dette henda meg, at mor åt Herren min kjem til meg? Skjøna den aldrande og sikkert kloke kvinna, kva og kven Maria bar på? Hadde ein engel openberra for henne, ikkje berre kva slags son ho sjølv skulle få, men også korleis det skulle gå til når frelsaren skulle fødest? Ja, ein kan undra seg. Og undringa smittar over på det seks månadar gamle fosteret. -Barnet hoppa i meg av fryd!

Jau, dette er førjulsfest av beste slag. For det er jo dette jula handlar om! Fryd og glede, velsigning og fellesskap. Slekt og familie som kjem saman. Undring over Guds handlingar til frelse. Og – barna, og Barnet, i sentrum!

Det siste Elisabet seier, er ein profeti: Det skal verta fullenda det som er sagt henne av Herren. I første omgang gjeld det sjølve fødselsen, ni månadar seinare. Men også Jesu liv og gjerning, til slutt hans liding og død. Johannes, barnet til Elisabet og Sakarias, fekk kallet til å vera vegryddar for dette verket. Og Johannes var tydeleg og klar på at han var i ein heilt annan klasse enn slektningen sin, Jesus. -Han skal auka, eg skal avta, sa han ein gong.

Etter Elisabet sin tale, held Maria ein ”takketale”, den me ofte kallar for Maria sin lovsong. Lukas fortel også at ho vart verande i heimen hjå Elisabet og Sakarias i tre månadar. Så drog ho heim til sitt hus, men då kom også tida då Elisabet skulle føda.

Guds skaperevne

Forteljninga vitnar sterkt om Guds skaperevne og –vilje. To graviditetar, begge på underfullt vis, om enn aldeles ulike. Kor sterkt talar ikkje dette også til oss om fosteret sitt uendelege verdi. Kor himmelropande er det ikkje at me både i vårt land, og i Israel, og dei fleste andre

land, tek livet av mange tusen slike små ufødde kvart år. Dei er alle skapte av Han, gitt til oss. Men me tek ikkje imot dei. Må Gud sjå i nåde til oss!

Teksten fortel også med all mogleg klårleik at Jesus skulle føddast, og vart fødd, av ei jomfru. Dette sentrale dogmet må me halda fast på, og teksten denne førjulssundagen gjev den beste hjelpa til akkurat det!

Frelse for Jakobs hus

Mange med meg mislikar at juleførebuingane startar så altfor tidleg. Ein ser i somme samanhengar at jula på sett og vis er oppbrukt når høgtida kjem. Då er ein både mett og matt – før festen tek til. Samstundes ser me at frå Guds side starta ”juleførebuingane” veldig tidleg. Ja, i mars månad, om ein tel etter vår vestlege tidsrekning! Og profetane hadde varsla dette mange hundreår føreåt.

Engelen lova Maria at barnet ho fekk, skulle vera konge over Jakobs hus til evig tid. Matteus (1,21) understrekar at han (Jesus) skal frelsa folket sitt frå syndene deira. Dette skal også få klinga med, både denne førjulssundagen og i høgtida, at evangeliet, den gode og glade budskapen om Guds frelse, er for jøde først og så for alle oss andre. Leseteksten frå Mika er med og understrekar dette for oss. Og appellen i leseteksten frå Filipperbrevet høver særdeles godt: Gled dykk i Herren alltid! Atter vil eg seia: Gled dykk!

God helg

Paul Odland

Misjonssekretær i Den Norske Israelsmisjon, Stavanger krets

stavanger@israelsmisjonen.no